

# Årsmelding

## **IT-forum Sogn & Fjordane**

til 18. oktober 2019

&

## **IT-forum Vest**

skipa 18. oktober 2019

## 1. Mandata 2019

IT-forum Vest vart skipa 18. oktober 2019 med følgjande føremål:

*«Foreininga sitt føremål er å arbeide gjennom eit breitt samarbeid for sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentleg sektor, opplæring, utdanning og forskning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.»*

Mandatet for IT-forum Sogn og Fjordane fram til oktober 2019 hadde vore omlag det same sidan starten i 1995:

*"IT-forum skal ta initiativ til, vere koordinator for og pådrivar for aktivitetar som fremjar rasjonell og utviklingsretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv og offentleg sektor, og dergjennom for innbyggjarane, i Sogn og Fjordane. Det skal særleg arbeidast for å styrke og utvikle samhandling og samordning mellom etatar, organisasjonar og bedrifter i Sogn og Fjordane."*

## 2. Medlemmar i 2019

Medlemmane av representantskapen i IT-forum Sogn og Fjordane fram til oktober 2019 var:

- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Fylkesmannen i Vestland
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sogn og Fjordane energilag
- Helse Førde
- Innovasjon Norge
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Lerum AS
- Sparebanken Vest
- NHO Vestlandet
- Sogndal fotball AS
- Hydro Aluminium AS
- KS Vest-Norge
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Eninvest AS
- Sognet AS
- DIFI
- Vestlandsforskning

På skipingsmøtet til IT-forum Vest 18. oktober 2019 deltok følgjande organisasjonar, og desse vart dermed skiparane og dei fyrste medlemmane av IT-forum Vest:

- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Fylkesmannen i Vestland
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sogn og Fjordane energi
- Helse Førde
- Innovasjon Norge
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sogndal fotball AS
- KS Vest-Norge
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Eninvest AS
- Sognett AS
- Vestlandsforskning

### Styret

Ut frå representantskapen valde årsmøtet i IT-forum Sogn og Fjordane 12. april følgjande styre for 2019:

Anne Mette Hjelle, Lotteri og stiftelsestilsynet (leiar)  
Christiane Ulriksen, Eninvest (nestleiar)  
Nils Erling Yndesdal, Fylkesmannen i Vestland  
Paal Fosdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Reiel Haugland, Sparebanken Sogn og Fjordane  
Frode Kyrkjebø, KS Vest-Norge  
Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane næringsråd  
Geir Anton Johansen, Høgskulen på Vestlandet

Skipingsmøtet i IT-forum Vest valde dei same personane til styre, leiar og nestleiar i IT-forum Vest frå 18. oktober.


### 3. Organisering og hovudaktivitetar

Figuren nedanfor viser organisering og grupper/nettverk i IT-forum Sogn og Fjordane slik den vart vedteken på årsmøtet i 2019 og på skipingsmøtet i IT-forum Vest i oktober.

Strukturen og gruppene er resultat av ein omfattande strategiprosess i 2018 og 2019 som leia fram til vedtaket på årsmøtet i 2019 om å etablere foreininga IT-forum Vest med desse prioriteringane.

Historisk sett har IT-forum eit høgt aktivitetsnivå. Me har lukkast bra med satsingane me heilhjarta går inn for, til dømes breibandsutbygging, satsing på velferdsteknologi og arbeidet ei IT-utdanning i fylket.

IT-forum er eitt døme på at dei relevante samfunnsaktørane, både frå offentleg og privat sektor, går saman for å løysa felles utfordringar gjennom samordna innsats. Ingen aktør kunne åleine gått laus på utfordringane kring breiband, velferdsteknologi eller IT-utdanning, men når me arbeider saman, vert me langt sterkare.



## 4. Hovedresultat

### 4.1 Breiband

Aktivitetane i IT-forum har gitt betydelege dokumenterbare økonomiske resultat. Den aller tydelegaste aktiviteten som gjev stor økonomisk utteljing er breibandsatsinga, der me gjennom fleire år har henta store midlar frå nasjonale utlysingar til Sogn og Fjordane.

Arbeidsgruppa har følgjande deltaking:

Knut Navarsete, Sogn regionråd - leiar

Alfred Bjørlo, KS Vest-Norge

Tor Halvar Botnen, Nordfjordkommunane

Carl-Richard Nyborg-Christensen, SYS-kommunane

Bjørn N. Sørensen, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Olav Skarsbø, DIFI

Ivar Petter Grøtø/Øyvind Heimset Larsen, Vestlandsforskning

IT-forum breiband har vore både initiativtakar, felles prosjektutviklar og samordnar av aktivitetar i Sogn og Fjordane til ein total verdi av 400-500 mill. kroner til utvikling av infrastruktur og innhaldstenester. Alle kommunane i fylket har vore involvert, og næringsliv og innbyggjarar har fått stor effekt og nytte av breibandutbygginga. Særleg etter at det vart open konkurranse om dei nasjonale midlane frå 2014 har det vore stor auke i satsinga i fylket.

I 2014 fekk samarbeidet i fylket gjennomslag for to søknader til den nasjonale utlysinga i regi av Post og teletilsynet (no Nkom) med ei utteljing på 39,5 mill. kr. Dette er ei femdobling frå dei 7-8 mill kr som Sogn og Fj tidlegare har fått tilført, og S&Fj var fylke nr 2 i landet på utteljing etter Nordland.

I 2015 vart same strategi nytta ved søknad til dei nasjonale breibandmidlane. Og Sogn og Fjordane fekk gjennomslag for prosjekt med 18.5 mill kr i nasjonale tilskott og totalt 60 mill kr i utløyste midlar frå stat, fylkeskommune, kommunar og leverandørar i Sogn og Fjordane. I 2015 var Sogn og Fjordane det fylket som fekk mest midlar frå den nasjonale utlysinga.

I 2016 var strategien vidareført, og Sogn og Fjordane fekk gjennomslag for to søknader med til saman knapt 30 mill kr i nasjonalt tilskott. Dette utløyste om lag det doble til lokale investering.

I 2017 var strategien og vidareført, og Sogn og Fjordane fekk gjennomslag for søknader med 24,1 mill kr i nasjonalt tilskott. Dette utløyste igjen om lag det doble til lokale investering. På fire år har samarbeidet gitt vel 112 mill i nasjonale midlar.


I 2018 vart ordninga endra til å tildele fylka midlar etter påvist behov. Dette var ei justering i tråd med innspela til Samferdsledepartementet frå fylka gjennom Nasjonalt breibråd, som Sogn og Fjordane var med å skipa. Tiltrådinga var å tildele midlar etter påvist behov, men administrert av fylkeskommunane. Ordninga førde til at Sogn og Fjordane fekk tildelt 17,2 mill kr av nasjonale midlar. I tillegg løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune ekstra midlar so til saman vart prosjekt

med 23,8 mill kr i nasjonale og fylkeskommunale tilskott godkjend i 2018. I løpet av 5 år har då dei nasjonale midlane til Sogn og Fjordane komme opp i nesten 130 mill kr eller 26 mill kr pr år i gjennomsnitt.

I 2019 vart det vedteke nye kriterier for breibandtildeling frå Kommunal og moderniseringsdepartementet og den nye IT-ministeren. Det gjorde store utslag, og Sogn og Fjordane fekk berre 8,3 mill kr i statlege midlar. Det dårlegaste på svært lang tid. Men Sogn og Fjordane fylkeskommune kompenserte solid for dette, og fylkestinget over 24 mill kr slik at totalt statlege midlar vart det løyvd 33,123 millionar kr til breibandsatsingane i kommunane. Takk vera fylkespolitikarane vart det mykje midlar dette året også. Utlysingane kjem i 2020.

Den andre hovudsaka i 2019 har vore Telenor sine varsel om nedbygging av koparnettet. Her har det vore ei rekkje møte både med Telenor og med politikarar for å prøve å redusere ulempene, særleg å få Telenor til å vente med å kople ned koparnettet til det finst alternative løysingar, særleg med dei nye utbyggingsprosjekta som er på gang i kommunane. I tillegg har det også vore viktig å stimulere kommunane til å søke nye prosjekt der det er varsla nedlegging av koparnettet.

Denne store utteljinga gjennom mange år, påverknaden og konkurransekrafta som er utvikla for kommunane og fylkeskommunen i den nasjonale konkurransen og støtte hjå fylkespolitikarane, hadde ikkje kome utan samarbeidet som har vore utvikla systematisk gjennom mange år i IT-forum Breiband.




*Figur 11. Vekst i kapasitetsklassen 100/10 Mbit/s 2018 - 2019 (prosentpoeng).*

(Ref: Analysis Mason: Dekningsundersøkelsen 2019)

*Figur 1: Figuren viser at Sogn og Fjordane har no høgaste auke i høgastigheitbreiband i landet.*

- Analysys Mason -  
Dekningsundersøkelsen 2019



Figur 5. Fylkesvis dekning for ulike kapasitetsklasser, sortert på andel husstander som kan få minst kapasitetsklasse 100/10 Mbit/s (Ref: Analysis Mason: Dekningsundersøkelsen 2019)

Figur 1: Sogn og Fjordane har klatra opp frå sisteplass siste året. Ny utbyggingar som er i gang og under utlysning vil gje effekt i dei kommande åra.

Eksterne møte og innspel i 2019:

- Innspel til kriteriesett & evaluering utlysning i SFj 2019. Vedtak i SFj fylkeskommune
- Møte med digitalingsminister Nicolay Astrup, 7. mai 2019, Førde
- TelecomWorld Bergen. 22-24. oktober
  - Møte med nasjonalt breibandråd / Vestland fylkeskommune 22. oktober
  - Presentasjon ved fylkesdirektør Jan Heggheim på dag 1 av konf.
  - Mottaking på Hotell Norge med presentasjon av IT-forum Vest
- Innspel til nye nasjonale kriteriesett til Nkom via SFj/Hordaland fylkeskommune
- Dialogmøte Telenor 20. feb & 10. juli 2019, 13. des 2019, Særleg om koparnettet

Plan for 2020

- Dialogmøte Eninvest, Sognetnett og Årdalsnett 10. jan 2020
- Dialogkonferanse med kommunane 28-29. januar i Førde
  - Følge opp utlysingane for 2019-midlane
- Førebu nye søknader for 2020 & dokumentere restområda i kommunane -> 256. mill på statsbudsjettet
- Samarbeid med regionar i Hordaland
- Dialog med Vestland fylkeskommune for å drøfte samarbeid og formidling
- Følge opp dialog med Telenor om nedbygging av koparnettet
- Starte arbeid rundt å få betre mobilnett

## 4.2. Velferdsteknologi

Regjeringa har som mål at alle kommunar skal ha velferdsteknologi som ein naturleg del av sitt tenestetilbod innan 2020. Velferdsteknologi er ein nødvendig del av kommunal tenesteutvikling og effektivisering. Kommunane møter store utfordringar og auka kostnader med ei demografisk utvikling med stadig fleire eldre innbyggjarar.

Gjennom satsinga i IT-forum har Sogn og Fjordane prøvd å løfte alle kommunane gjennom eit felles samarbeid. Effektar av ei slik satsing viser nok ein gong verdien av IT-forum som eit fylkesovergripande og fungerande samarbeid. For velferdsteknologi er det også eit betydeleg potensial for lokal og regional næringsutvikling. Teknologien skal leverast, installerast og driftast. I det omfanget det her er snakk om, må det gjerast lokalt. I tillegg er det betydelege mulegheiter for utvikling av ny teknologi og samordning og tilrettelegging av teknologi for nye tenester.

Arbeidsgruppa i prosjektet har følgjande medlemmer i 2019:

Marta Strandos, Førde kommune / Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (leiar)

Kari Støfringsdal, Flora kommune

Kari Krogh, Eid kommune

Anita Lothe, Gloppen kommune

Liv Husabø, NAV Hjelpemiddelsentral Sogn og Fjordane

Ove Bjørlo, Eid vidaregåande skule

Beate Tollefsen, Fylkesmannen i Vestland

Joanna Galek, Høgskulen på Vestlandet

Stig Igland, Helse Førde

Terje Brandsøy, Alarmsentralen i Sogn og Fjordane

Jan Olav Larssen, Energikompetansesenteret AS

Hilde G. Corneliussen, Vestlandsforskning

Ivar Petter Grøtte, Vestlandsforskning/IT-forum (sekretariat)

Gruppa har utvikla og fekk gjennomslag for fase 6 av den fylkesovergripande satsinga ”Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane” delfinansiert med fornyingsmidlar hjå Fylkesmannen. Dette fylkesprosjektet har vore den viktigaste drivaren, kunnskapsformidlar og organisator for innføring av velferdsteknologi. Satsinga har vorte det heilt nødvendige kunnskapsnettverket og råmeverket for systematisk mobilisering, utvikling og ei begynnande spreining av velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.

I 2017 kom 9 kommunar frå Sogn og Fjordane med i *Nasjonalt velferdsteknologiprogram*. Dette vart vidareført i 2018, og i 2019 kom alle kommunane med. Dette var svært viktig då det var første gong me fekk med kommunar i den nasjonale satsinga som har pågått sidan 2013. Arbeidet blir vidareført også i 2020.

Hovedaktivitetane i 2019 har vore:

- Vidare spreing av retningslinjer og verktøy for systematisk implementering av velferdsteknologi til alle kommunane og opplæring for alle.
- Vidare utprøving rollar, prosedyrar og retningslinjer for samhandling mellom ulike organisasjonsdeler, fagsystem og Alarmsentralen Florø
- Utgreiing og drøftingar med kommunar i Hordaland om korleis nettverket og fagforumet kan fortsetje og i kva form når Sogn og Fjordane kjem inn i eit Vestlandsfylke
- Samarbeid med Hordaland har kome i gang, særleg med Nordhordalandskommunane. I 2020 er det planlag felles prosjekt mellom kommunane i tidlegare SFj og 16 kommunar i tidlegare Hordaland.

### 4.3 Oppvekst og utdanning

Nettverket arbeider på tvers av alle oppvekst- og utdanningsnivå (barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og høgskule). Arbeidsgruppa har også i 2019 stor aktivitet på tvers av oppvekst og skuleslag og har no følgjande samansetnad:

- Ole Henrik Mølmann, S&F fylkeskommune (leiar frå mai)
- Bård Fløde (leiar til mai), Thomas Synnevåg Øvstedal (frå mai), Nordfjordregionen
- Randi Scheflo, SYS IKT
- Jarle Christensen, Sogn Regionråd
- Jan Erik Ølmheim, Høgskulen på Vestlandet avd Sogndal
- Bente Forfang, Flora kommune
- Bodhild Therese Cirotzki (til juni), Karstein Fardal (frå juni), Fylkesmannen i Vestland
- Steinar Strømsli, Utdanningsforbundet
- Øyvind Heimset Larsen, Vestlandsforskning/IT-forum

KS er som samarbeidspart invitert på arbeidsmøta knytt til konferansen gruppa årleg arrangerer

Selje kommune søkte i 2019 på vegne av arbeidsgruppa om midlar frå Fylkesmannen sine midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt. Tildelinga på kr 150 000 i 2019 går til prosjektet "Vidare satsing på IKT som læremiddel 2019-2021". Dette vert ei vidareføring av det vellukka prosjektet "Satsing på IKT som læremiddel" 2015- 2018.

Hovudmålet for prosjektet er å støtte oppunder at barn og elevar skal oppnå måla i rammeplanar og læreplanar samt at born og unge i fylket vår skal bli digitalt kompetente borgarar, med god nok kompetanse i digitalt utstyr og god nok digital dømekraft til å kunne takle utfordringane dei vil møte i framtida. Dette ønskjer vi å oppnå gjennom å auke kompetanse og bevisheit rundt IKT som grunnleggande ferdigheit, gjennom deling av kunnskap, tilkjenning og auka bruk av digitale

ressursar. Vi ser eit behov for å hjelpe kommunane følgje opp innhaldet i "Digitaliseringstrategi for grunnopplæring 2017–2021", og her meiner vi å kunne gje synlege bidrag.

Arbeidsgruppa gjennomførte i 2019 sine møte både fysisk og på video, eit internt dagsseminar i Fjærland og vi deltok med representantar på konferansar som «Læring på digitale flater 7-8.3.19 i Bergen» og søkte å vere representert på regionale utdannings- og oppvekstmøte og rektorsamlingar. Ein sentral aktivitet i prosjektet er konferansen som i 2019 vart arrangert i Loen 12.-13.november.

Nokre eksempel på oppslag om konferansen som både fekk god deltaking og god evaluering:

### **"Aha-opplevingar" for ikt-pedagogar**

*175 oppvekst- og skulefolk frå heile fylket fekk mange svar då IT-forum inviterte til konferanse i Loen 12.-13 november. Kan ein god digital studieteknikk eliminere eller marginalisere ulike lærevanskar? Korleis kan teknologi auke inkluderinga? Korleis kan eit fysisk opplevingsspel kombinere element frå dataspelverda og verkelegheita til ei både lærerik og spanande oppleving?*

### **Aktivitet og "Escaperoom"**

*Tema for denne årlege samlinga var god digital studieteknikk, med dei gode døma og fagfornyning. På agendaen står teknologi og læring - også for dei minste. Både lokale ressursar og nasjonalt profilerte innleiarar og deltok med brei og ulik erfaring. Ein av dei som merkar seg positivt ut i evalueringa deltakarane gjorde etter konferansen, er Magnus Nohr frå Høgskolen i Østfold. Hans bidrag er også det Mari Gunhildrud vil framheve som spesielt matnyttige. Ho er lærar og medlem ikt-nettverksgruppa i den nye storkommunen Sogndal og vart også begeistra over heilt nye utfordringar.*

*– Sjølv introduksjonen var veldig kort, så skulle vi deltakarar sjølv løyse oppgåver i eit såkalla "Escaperoom"- opplegg. Ein kan godt kalle dette ein aha-oppleving, eg vart inspirert til å leggje opp til at også mine elevar får meir aktivitet inn i læringa. Å finne ut av ting og løyse problem sjølv er god læring, seier Gunhildrud. Ho er svært nøgd med konferansen generelt. På spørsmål om ønskje for neste konferanse nemner ho meir fokus på konkrete operativsystem/plattformer.*

*(Utdrag frå [artikkelen på Vestlandsforskning sine nettsider](#))*



Magnus Nohr innleia konferansen med d me p  korleis teknologi kan auke inkludering



Erfaringar med administrasjonsverkt y og l remiddel, som Bokbasen/Digital elev, vert formidla

## 4.4 Digitaliseringsnettverk

Nettverket IT-forum Digitalisering har som føremål å styrka arbeidet med digitalisering i kommunane. Gjennom eit samarbeid med statlege etatar og fylkeskommunen, skal kommunane få hjelp til digitaliseringsoppgåver dei ikkje klarer på eiga hand. Nettverket skal vera ein koordinator for ulike digitaliseringsprosjekt i kommunesektoren, og mellom kommunar og stat, og ha ei særleg oppgåve med å støtta dei minste kommunane.

Dei siste åra har det vore arbeida med fellesprosjekt for kommunane mellom anna på områda digital dokumentutveksling (SvarUt/SvarInn), auka bruk av sikker digital post for innbyggjarane og innføring av e-signeringsløysingar.

For tida er arbeidet konsentrert om rådgjeving og hjelp til kommunane for planlegging og innføring av Miside-løysingar. Prosjektet er finansiert av «Fornyingsmidlane» hjå Fylkesmannen i Vestland. Prosjektet starta i 2019 og skal også fortsetje i 2020.

Deltakarar i prosjektet er Vik kommune, Førde (no Sunnfjord kommune) og Eid (no Stad kommune). Kontaktperson er Svein Ølnes ved Vestlandsforskning

KS sette i 2019 i gang ei utgreiing av moglege samarbeidsformer knytt til digitalisering. Samarbeid med Bergen kommune og med Digi Hordaland er ein mulegheit, ei større satsing gjennom IT-forum er eitt element, og i alle fall bør kommunane gå inn i eit eit tydelegare og meir forpliktande samarbeid. utfordringane er særleg knytt til dei nasjonale felleskomponentane for digitalisering i kommunane. Dei minste kommunane er ikkje rigga til å stå for implementering, nsaudsynt tenesteinnovasjon og å ta ut vinstane av desse store satsingane.

Årsmøtet i IT-forum Sogn og Fjordane i april 2019 vedtok å stille seg til disposisjon for kommunane og inngå i ulike samarbeid etter behov for kommunane.

Samarbeidet i Hordaland har no endra namn til Digi Vestland, og kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane er invitert med. Samarbeidet er knytt til dei nasjonale felleskomponentane for digitalisering. Velferdsteknologi og breiband er til dømes ikkje ein del av dette.

Avgjerd hjå kommane om deltaking og finansiering av arbeidet i Digi Vestland kjem sommaren 2020. Då blir og vidare samarbeid med IT-forum Vest avgjort. Velferdsteknologi og breiband blir i alle fall vidareført gjennom IT-forum Vest. Prosjektet Minside Sogn og Fjordane i samarbeid med IT-forum vert og gjennomført som planlagd i 2020.

## 4.5 Rekruttering og mangfald

IT-forum har gjennom fleire år arbeidd med å reetablere ei IT-utdanning på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Med finansiering frå Innovasjon Norge, Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane og INU-midlane, vart det sett fart i arbeidet, og ein studieplan for ein ny bachelor-utdanning innan IT vart utarbeida og lagt fram våren 2017.

Men fusjonen til Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart det vinter og vår 2018 arbeidd mykje med rekruttering til studiet i samarbeid med HVL. Arbeidet var vellukka og over 20 studentar starta hausten 2018. Våren 2019 var andre utlysing til studiet. Andre år er ofte det kritiske året for mange studiet. Dette gjekk også bra og hausten 2019 begynte 32 studentar i Førde.

Denne satsinga er svært viktig for IT-forum og blir føld opp med ei rekkje aktivitetar både for rekruttering av studentar, rekruttering av lærarar og å følgje opp dei studentane som er i gang med studiet. Nokre av studentane frå første år har falle frå, men totalt er det no nærare 50 studentar som er i gang med IT-studiet ved Campus Førde.



Bilde frå opninga av den nye IT-utdanninga i Førde. ”Mange partar i det offentlege og næringslivet har jobba saman for å få i gang den nye utdanninga. Frå venstre: Bjørn Harald Haugsvær (varaordførar i Førde), Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar (trainee ved næringsavdelinga i fylkeskommunen), Ivar-Petter Grøtte (forskar ved Vestlandsforskning og med i IT-forum), Eli Nummedal (instituttleiar for ingeniør- og teknologifag ved HVL), Gunnar O. Hæreid (assisterande fylkesmann og leiar i IT-forum), Kjetil Bjørset (INU), Arild Hornes (Innovasjon Norge), Rasmus Stokke (prorektor ved HVL), Trond Teigene (administrerande direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane) og Joar Sande (høgskulelektor ved HVL og leiar i studieplankomiteen)”. Foto: Katrine Sele

Arbeidet med å støtte opp om IT-utdanninga og rekruttering i breiare forstand blir no førd vidare gjennom ei arbeidsgruppe i IT-forum med namn «Rekruttering og mangfald». Den skal også ta opp viktig problemstillingsar knytt til å få betre rekruttering av jenter/kvinner til teknologiutdanningar og til arbeidsplassar innanfor teknologi. Regionen har stort behov for teknologisk arbeidskraft, og ei betre rekruttering frå alle potensielle grupper har høg prioritet.

Prosjektet Kvinneløftet – FixIT i region av Vestlandsforskning og i samarbeid med IT-forum har utvikla spesialtilpassa informasjons og motivasjonsopplegg og gjennomført seminar i Førde, Sogndal og Bergen i 2019.

## 5 Strategiarbeid og starten på samarbeid i nye Vestland fylke

IT-forum Sogn og Fjordane hadde eit omfattande strategiarbeid for å utgreie vidare aktivitetar og tilpassingar til den nye regionen som kom med Vestland fylke. Årsmøtet i 6. april 2018 vedtok å setje i gang ein strategiprosessen. Styret i gang ei rekkje aktivitetar for å kartlegge status og moglege utviklingsretningar for IT-forum (SFj). Ei rekkje møte vart gjennomført i styret og i alle aktive grupper i IT-forum. Medlemmar av representantskapen vart intervjuet, fleire besøk vart gjennomført til sentrale organisasjonar i Bergen / Hordaland og organisasjonar frå Hordaland har vore på besøk i Sogn og Fjordane. Følgjande oversikt viser dei viktigaste aktivitetane frå arbeidet vart starta i 2018 til IT-forum Vest vart skipa i oktober 2019:

- Juni 2018: Årsmøtet IT-forum Breiband. Skei: Drøfting av samarbeid Hordaland  
Haust 2018: Intervju med medlemmar av representantskapen  
4. oktober: Besøk frå næringsavdelinga Hordaland fylkeskommune, Sogndal  
20-21. nov: Haustmøtet IT-forum SFj, Førde: presentasjonar og drøfting av nye strategi med omlag 60 deltakarar  
22. november: Drøfting på arbeidsmøte arbeidsgruppe «Oppvekst og utdanning», Skei

### 2019

7. januar: Drøfting på arbeidsmøte i arbeidsgruppe «Breiband», Skei  
29-30. jan: Studietur for arbeidsgruppe «Velferdsteknologi» til Utviklingssenteret for heimetenester og sjukeheimar i Bergen, Lindås og Nord-Hordaland-prosjektet og Bergen kommune, Bergen  
12-13. feb: Studietur Hordaland / Bergen med besøk til
- Prosjektrådmannen Vestland fylkeskommune
  - Næringsklynge GCE Ocean Technologies
  - Høgskulen på Vestlandet, Campus Kronborg
  - Bergen kommune, Digitalisering og innovasjon konsern
27. feb: Styremøte IT-forum SFj, Drøfting og innstilling  
12. april: Årsmøtet IT-forum SFj vedtok strategiplan og å skipe IT-forum Vest  
18. oktober: Skipingsmøte for foreiningen IT-forum Vest på Skei.  
IT-forum Vest er formelt registrert og har org. nr 923872442.



Bilete frå styret sin studietur til Bergen/Hordaland i februar 2019.

Samarbeidet i nye Vestland fylke har starta på fleire område:

#### Breiband:

- Deltaking på TelecomWorld Bergen. 22-24. oktober
  - Møte med Nasjonalt breibandråd / Vestland fylkeskommune 22. oktober
  - Presentasjon ved fylkesdirektør Jan Heggheim på dag 1 av konf.
  - Mottaking på Hotell Norge med presentasjon av IT-forum Vest
- Informasjonsmøte med kommunane i Vestland om breibandsøknadar 2019 og 2020 saman med Vestland fylkeskommune. Kommunar i tidl. Hordaland og SFj. Førde, januar 2020

#### Velferdsteknologi

- To fagsamlingar/studieturer saman med Bergen kommune og Nordhordalandskommunane, i Bergen og i Florø
- Felles søknad om velferdsteknologi-prosjekt for 16 kommunar i tidlegare Hordaland og 17 kommunar i tidlegare Sogn og Fj til «Fornyingsmidlane» hjå Fylkesmannen i Vestland

#### Rekruttering og mangfold

- Seminar i samarbeid med Kvinnløftet FixIT på Mohnsenteret ved HVL i Bergen

## 6. Mediesaker 2019, nettside og sosiale medium

IT-forum har vore omtala både i regionen og nasjonalt. IT-forum er omtala som døme i “Meld. St. 5 (2019 –2020) Melding til Stortinget” om “Levende lokalsamfunn for fremtiden”

I løpet av siste året har vi gitt nettsida eit ansiktsløft, vi har tatt høgde for GDPR og vi har publisert fleire saker og pressemeldingar.



142

Meld. St. 5  
Levende lokalsamfunn for fremtiden

2019–2020

### Boks 11.9 Regionale digitaliseringsnettverk|

Stadig flere kommuner tar initiativ til å opprette regionale nettverk, for å gi innbyggere og næringsliv bedre tjenester. Et av de første regionale nettverkene er i Hordaland, der 33 kommuner har gått sammen om å etablere et felles sekretariat og fagkompetanse innen innovasjon, strategisk IKT og digitalisering. I Rogaland har 26 kommuner nylig opprettet et lignende samarbeid, *Digi Rogaland*. Hensikten er blant annet å sikre at kommunene skal bli enda bedre rustet til å ta imot og implementere nasjonale og regionale prosjekter, og sette den enkelte kommune i bedre stand til å realisere fellesløsninger og effektene ved å ta de i bruk. Tilsvarende samarbeid om digitalisering og innovasjon er under planlegging i flere andre kommuner. Kommunene i Akershus, Østfold og 16 kommuner i Nye Viken har også startet en dialog om et regionalt samarbeid, og drøfter hvordan dette kan organiseres. I Trøndelag er samarbeidet *DiguT – Digitaliseringsutvalg Trøndelag* opprettet. Til nå har cirka halvparten av de 46 kommunene i Trøndelag sluttet seg til samarbeidet, som tar utgangspunkt i en felles samhandlingsstrategi for digital utvikling.

*IT-forum Sogn og Fjordane* er et bredt samarbeid og spleiselag som skal sikre at Sogn og Fjordane er langt framme i å utnytte teknologi i næringsliv, offentlig sektor, opplæring og utdanning. IT-forum Sogn og Fjordane initierer, samordner og sikrer viktige utviklingsaktiviteter til nytte for hele fylket. Nettverket har aktive arbeidsgrupper, og satsninger som nytt IT-studium ved Høgskulen på Vestlandet. Nettverket er medarrangør av Næringsdagene, og har egne samlinger. Forumet ble etablert i 1995. Lokalt kalles samarbeidet for Sogn og Fjordane-modellen: å løfte sammen for å løse regionale utfordringer. Samarbeidet favner mange og ulike aktører fra ulike sektorer, slik som statlige etater, høyskole og FoU-miljøer, fylkeskommunen, kommunene og næringslivet. Mange av disse aktørene er små, slik at de vanskeligere kan oppnå de samme resultatene uten støtte i nettverket. Forumet har oppnådd flere resultater, og var først ute med e-helsemeldinger mellom alle kommuner og helseforetaket. Forumet har fått på plass digitale læringsplattformer i skolesektoren. Alle kommuner er involvert i en bred satsing på velferdsteknologi og nettverket har fått på plass en næringsrettet IT-utdanning.



# Næringsdagane for femte gong

TYSDAG 19. februar 2019 • FIRDA TILVANG

«Vi og verda» er det overordna tema på Næringsdagane som blir arrangerte for femte gong, i år på Scandic Sunnford Hotel i Forde, 7. - 8. mai.

Næringsdagane er den store møtestaden for aspirasjon og kunnskap for næringsliv og offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

## Skal inspirere

Næringsminister Torbjørn Rie i bakken vil halde eit innlegg om «Internasjonal handel og konkurranseposisjon til næringslivet i Sogn og Fjordane».

Næringsdagane gir dag for dag liv og utvalde bedriftene i fylket blikket, og er svært glade for at vi får med oss kapasitetar som til dømes næringsminister Torbjørn Rie Moss, seier leiar i arbeidsutvalet for konferansen, Jan Heggheim. Målet for Næringsdagane er å ge offentlege kunnskap og inspirasjon til å gjeve ein betre jobb i si verksemd.

## Tredelt tematikk

Næringsdagane har ein tredelt tematikk:

- SAMFUNNS-PERSPEKTIV
- Globale trender og utfordringar

• Internasjonal handel og konkurranseposisjon til norsk næringsliv

## TILGANG TIL KOMPETANSE OG NYE MARKNADER

- Norge og Sogn og Fjordane sett «utanifrå»
- Internasjonale marknadstrender

## REGIONALT PERSPEKTIV

- Fortinn i regionen, norske leiarskap og nye marknader
- Presentasjon av Vestlandsindeksen, Sparebanken Vest
- Presentasjon av Bedriftsundersøkinga, NAV Vestlandet

## – Ser fram til å lytte å lære

Med utgangspunkt i desse tre tema vil det bli ei rekke inspirerende og viktige foredrag på Næringsdagane, både av lokale og nasjonale foredragshaldarar. I tillegg til Rie Moss, seier leiar i arbeidsutvalet for konferansen, Jan Heggheim. Målet for Næringsdagane er å ge offentlege kunnskap og inspirasjon til å gjeve ein betre jobb i si verksemd.

– Eg ser også fram til å lytte til store utdanningsinstitusjonane i regionen vår. Dei vil halde innlegg om høge utslått, HøU og livsløng læring, forst Heggheim.

Dei tre rektorane han siktar til er Bert Rokke, rektor på Høgskulen på Vestlandet, Inge Jan Henjesund, rektor på BI og Dag Rune Obens, rektor på LiR.



Næringsminister Torbjørn Rie Moss vil halde eit innlegg om «Internasjonal handel og konkurranseposisjon til næringslivet i Sogn og Fjordane» under Næringsdagane i Forde i byrjinga av mai. Pressefoto: Sogn og Fjordane fylkeskommune, NAV skapsparken, Innovasjon Norge og IT Forum.

# – Behov for samarbeid

## Volda-rådmannen ber fylkesmannen setje den digitale utviklinga på dagsorden.

– Vi ser ei utvikling mot etablering av større regionale samarbeid for IT-utvikling rundt større byområde, til dømes rundt Bergen, Kristiansand, Stavanger, Viken, Trondheim og Tromsø. I Sogn og Fjordane har dei etablert IT-forum som har ei breiare tilnærming, mellom anna mellom fylkesmann, fylkeskommune, kommunar og næringsliv, skriv Volda-rådmann Rune Sjurgard innleiingsvis i eit brev til Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Kapasitet og kraft

Han held fram at mange rådmenn seier at det vert nødvendig å delta i eit større nettverk for å kunne ha

nok kapasitet og kraft til å utvikle framtidsette digitale løysingar innanfor samfunnsutvikling, tenesteproduksjon og effektivisering av den kommunale drifta.

– Vidare er det eit behov for samarbeid for å byggje ut breibandinfrastrukturen. Her får fylkeskommunen eit sjølvstendig forvaltningsansvar med regionkommunane i Møre og Romsdal enten innanfor fylket, i lag med fylkeskommunen, eller søker samarbeid nordover eller sørover for å vere ein del av eit breitt utviklingsmiljø for digitalisering, held Sjurgard fram.

## Ber fylkesmannen ta initiativ

– Ålesund kommune og fylkeskommunen bør vurdere kva rolle

ein kan sjå for seg i dette perspektivet. Det kan vere naturleg at fylkesmannen tek eit initiativ til å koordinere interessene og etablere ein arena, der ein kan avklare kva ein eventuelt kan og bør gjere for å hekte oss på den digitale utviklinga på line med det som no skjer i andre sentrale delar av landet, skriv Sjurgard, som har adressert førespurnaden til fylkesmannen, fylkesrådmannen, rådmann i rådmannsgruppa for rådmennene i Sunnmøre regionråd, leiaren i rådmannsutvalet i KS Møre og Romsdal og direktøren for KS Møre og Romsdal.

– Eg vonar fylkesmannen kan ta oppmodinga om å setje dette på dagsorden, avsluttar Sjurgard.

✉ LIV JORUNN NYHAGEN



\* Rådmann i Volda, Rune Sjurgard. (Arkivfoto)

I gløymde fotspor

Søk  Oppdater Apple-ll  
Noen kontotjeneste  
før du logger på igjen

TEKNOLOGI OG SAMFUNN  
Kultur, identitet og teknologi



Prosjektleiar Hilde G. Cornelussen (nr. 2 frå venstre i første rekkje) kunne både overraske og inspirere i Førde. Arranger Liv Judit Straume frå GGDF heilt til venstre. Foto: Førde bibliotek

KONTAKTPERSON:

 **Hilde G. Cornelussen**  
Forskar

OMTALAR PROSJEKT:

 01.12.2018  
Kvinneløftet FixIT – aktivitetar  
for å auke kvinner si deltaking i  
innovasjonsprosjekt  
(FORREGION)  
PROSJEKTLEIAR [Hilde G. Cornelussen](#)

På 1950-talet fant mange kvinner spennande arbeid innan programmering, og allereie på 1800-talet skisserte Ada Lovelace (1815-52) dei første tankane om programmeringsstrukturar som framleis er aktuelle. Det fekk "Girl Geek Dinners Førde" høyre på nettverksmøtet sitt i februar.

DATO: 01.03.2019

Av May Grethe Lerum, informasjonsrådgjevar Vestlandsforsking

Dei data- og teknointeresserte kvinnene som møtte då Hilde G. Cornelussen frå Vestlandsforsking gjesta Førde bibliotek 14. februar, fekk vite mykje om formadrene i bransjen. Mellom desse er Anne Mette Hjelte, leiar i IT-forum Sogn og Fjordane.

- Eg hadde sett filmen *Hidden Figures* om dei kvinnelege programmerarane bak romkappet i USA. Likevel er eg overraska over kor kvinnedominert dataprogrammering har vore historisk, i sterk kontrast til i dag. Dette må vi bruke for å rekruttere fleire jenter inn i teknologi, seier Hjelte.

Ho er også ein av initiativtakarane bak "Girl Geek Dinners Førde". Dette er eit ope nettverk for kvinner